

Eg byggjer meg ein båt i Bøkkerverkstaden.

29.05.2017



6. klassingane frå Skarveland og Valen skule fekk innføring i fartybygging i Bøkkerverkstaden. Aktørane er Johanne Ø. Tvedten og Bjørn Arve Lunde.

Over 100 6. klassingar får i denne veka oppleva og vera med på Eg byggjer meg ein båt på Rød. Det er Sunnhordland museum som i mange år har reist i inn- og utland med eit pedagogisk tilrettelagt program for elevar i grunnskulen. På vel to timar får ein innføring i kystkultur med sildefiske, nordlandsfarten og det å setja saman ein færing.

Det er Johanne Ø. Tvedten og Bjørn Arve Lunde som står for framføringa og all instruksjon. Programmet tek til med eit tablå, ei dramatisering der det vert fortald om dei som har ein draum, om å byggja og segla sin eigen båt. Alle vert med i allsongen:



Ei gruppe vert av Bjørn Arve Linde instruert i det å setja saman borda på ein færing.

Eg vil hamra, eg vil bora, eg vil smi. Eg skal byggja meg ein båt, eg tek meg tid. Ja, no skal eg klinka saumen. Den skal halda saman draumen. Eg vil hamra, eg vil bora, eg vil smi.

Johanne Ø. Tvedten framfører monologen om Jonas, ungdomen som har lese- og skrivevanskar, men som slår eg opp på Nordlandsfarten. Han kjem heim og startar fartybygging og vert en beste båtbyggjaren i Sunnhordland.



Her er Johanne Ø. Tvedten saman med dei som klinkar saum.

Så vert elevane delte inn i tre grupper med stasjonsarbeid. Nokon smir, andre klinkar saum og nokon byggjer båten. Alle lagar sin eigen nøkkelhaldar, - eit minne frå skuledagen på Bøkkerverkstaden i dag.

6. klassingane frå Bringedalsbygda skule og Uskedalen skule skal vera på plass i Bøkkerverkstaden seinare i dag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dem siste gruppa fekk i oppgåve å smi sin eigen nøkkelhaldar.